

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80.

Fylke: Vest-Agder.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Kvås.

Emne: Folkemedisin.

Bygdelag.

Oppskr. av: Arne Stuestøl

Gard:

(adresse): Austhei, Kvinesdal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

## I. Husråd - kjerringråd.

1. Før var det ei stor ære å vera hardfør - illtølen - men det var stor skam å krauna og klaga seg - vera tølen.

No går folk til dokter for reine inkjevetta.

2. Folk visste nok om smitte, utan at dei hadde klart for seg kva smittestoffet var. Ei motråd var å tyggja på einbær eller røykje i stova med einerøyk. Tobakk var også haldi for ei god råd mot smitte.

3. Det var nok helst få som hadde medisinar liggjande, men noko hylleblom og litt av andre urter hadde vel dei fleste. Mot brannsar bruka dei linolje og mot frostskader gamal talg. Somme hadde også perikumbrennevin. Men noko om korleis dei laga medisinarane, veit ein ikkje no.

4. Dei som hadde „medisinlager“ var helst slik som fuska litt i lækjarkunsta, og det var helst fatigfolk.

5. Sjølv sagt kunne andre få medisinar der, men det heitte vel helst å „få“ dei. Seinare kunne dei gjera ei beine att, eller om dei fekk hos fatigfolk, yta vederlag i matvare eller pengar. (Medisinen verka truleg betre når ein „fekk“ han. Eg trur ikkje ein fekk låna medisin hos dokter eller jordmor. Den blei ordinert av vedkomande i tilfelle.

6. Har vel svara på det før.

- 7. Treak var visst ikkje noko i bruk her.
- 8. Dei gamle tala mykje om „dyvelsdrekk“, og nemnde at det lukta så fælt, men kva denne teufelsdrekk var laga av, eller nytta mot, har eg ikkje høyrte. Det var visst helst dyremedisin.
- 9. Kven som helst kunne samla dei stoffa ein bruka i medisinen, men det laut visst gjerast til visse tider, etter det eg hugsar gamle folk sa.
- 10. Turka urter blei gøynde i kister eller skåp, eller i blærer, salveliknande stoff oftast i eit horn, og flytande medisin på flasker.
- 11. I nyare tid - siste hundrad-år - kjøptendei ymse medisinar på apotek: nafta, rigabalsam, karbol, jod e. l.
- 12. Om kramkarane hadde medisinar, tører eg ikkje seia. men i 1880-90 åra var det svært vanleg at dei hadde gikt-ringar og veltakers. Og etter det ein kan skjønna, gjekk handelen strykande.
- 13. Oppskriftene på medisinar var visst løyndomar som dei einskilte ættene heldt på, og som blei overlevert munnleg frå foreldre til born. Eg har sett ei trykt bok med resepter på mange medisinar, og trur forfattaren heitte Mangor.
- 14. Eg har også sett eit par blad av ei skriven svartebok med lækjarråder, men den var kome frå grannebygda Hagebostad.
- 15. Det er så lenge sidan at husråda var i bruk, at eg ikkje kan gi nokre pålitande opplysningar om dei.

II. Bygdelækjarar.

A. Lækjarane.

- 16. Både menn og kvinner kunne gi råd mot sjukdom, men ein kjenner ikkje nokon som dreiv lækjarverksemd som yrke.
- 17. Ætt og gard hadde ikkje noko å seia. Men det var somme ætter som dreiv med og hadde kjennskap til lækjarråder.

15621

15621



Desse kunnskapane gjekk i arv.

18. Det var helst dei gamle ættene i bygda.

19. Somme tok til som unge, men det var helst eldre folk som var lækjarar, og så gav dei over det dei visste til dei yngre når dei sjølv blei for gamle eller skulle døy.

20. Som nemnt øvanfor var det visse ætter som hadde interesse for og dreiv med lækjing.

21. Om det var medfødd givnad, eller kørleis han synte seg hos born, kan ein ikkje seia.

22. Kva var tildriv kan ein ikkje seia. Truleg var det bare noko som ervdest i ætta.

23. Yrkeslækjarar fanst ikkje. Det var bare somme som hadde råd mot ymse sjukdomar, og som dei vende seg til når dei trøng hjelp.

24. Det einaste „honorar“ ein kjenner til, var ein gut som var hos Ånen Løland for å lækja eit sår som ikkje ville gro. Guten skulle arbeida der i slåttøna det belet Ånen stelte med såret. Det blei ein månads arbeid. Sjå svar på sp. 38.

25. Distriktslækjar Løberg som var her i 1880-90 åra, vende seg til slike bygdelækjarar og fekk dei til å åreslå pasientar som hadde lungebrann.

26-27. Kritikk var det kanskje, men ein kjenner ikkje til at nokon kom for retten

28. Dei fleste bygdedøktarane dreiv helst med årelating og koppsetjing. Ein kan nemna: Ole Reiersen Dydland som levde frå ca. 1800 til ca. 1870, Abraham Andersen Hestad 1826-1913, Abraham Berntsen Gitlestad ca. 1850-1927. Det har nok vori mange andre tidlegare, men då dei som nemnt ikkje var „profesjonistar“ men bare var til hjelp for dei som bad om det, er det ingen tradisjon om dei.

B. Lækjeråd og lækjekurar.

29. Det er lite ein veit om kva råder som blei brukt då det var yrkesløyndomar.

30,31 og 32 kan ein difor ikkje svara på.

33 og 34 heller ikkje.

35. Helsekjelder veit ein ikkje om, men nördrennande vatn har eg høyrte skal vera brukt til å få bort vorter. Ein skulle vaska seg i vatnet så kom vertene bort.

36. Eg trur ikkje vatnet blei gøymt. Ein kunne få nytt.

37. Brennevin blei nytta av alle som eit slag universalmedisin. Låg nokon sjuk, og brennevin ikkje hjelpte, var døden viss. „Når brennevin ikkje hjelper då er det døden,” hermer dei.

38. Ånen Løland blei kjend før han fekk eit gamalt sår med villkjøt i til å gro. Dekteren hadde gitt opp. Ånen tok eit hareskinn og la det med håra inn mot såret og surra det til. Om ei tid svall heile villkjøtet ut, og då tok han skinnet vekk og forbandt såret som grødde fint.

39-41. Kan ikkje svara noko på desse spørsmåla.

42. Årelating og kopping var nett det dei dreiv med.

43. Til årelating bruka dei ein „bil” - med ei lita „øks” og ei slagfjør som dei spende, og så var det avtrekker dei trykte på når øksa skulle slå ned og hogga hol på ei år. Koppørnet var eit stutehorn dei hadde bora hol i enden på og fest ein lerlapp over. Når dei hadde slege hol på åra, sette dei hornet over og saug ut lufta med munnen. Når hornet var lufttømt, tok dei munnen vekk, og lerlappen blei klemt fast av lufttrykket utanfrå.

44. Iglar brukte somme å ha ståande, og så bruka dei dei i staden for kopping.

45. Blødstemming er ikkje kjend her.

46. Ein kjenner ingen „spesialistar”.

18223



47. Kørleis medisinerane blei gøynde, veit eg ikkje.

48. Så vidt eg veit, hadde dei ikkje serskilde skrin til medisin eller instrument når dei blei henta.

C. Lækjebøker.

49. Dei råder bygdedokterane nytta, var nedervde frå fed-erne og stod ikkje i bøker. Kanskje somme av dei opphave-leg var kømne frå bøker, Mester Harpestreng t. d.



50. Bøkene var vel prenta i Danmark.

51. Lækjebøkar på framande språk er ukjende.

52. Kan eg ikkje svara på.

53. Truleg er Mangørs lækjebok enne til. Eg såg ho på ein auksjon etter Anders Larsen Hestad 1931 trur eg det var.

Boka er visst enne hos Lars Håvetoft, Kvås



Køyrhorn.